

Emne nr. 54

TRESKJE- OG REINSKEMASKINAR FOR KORN

I

1. Er det nokon tradisjon om når den første treskjemaskinen kom til bygda? Kva gard eller gardar var det først som fekk treskjemaskin? Er det tradisjon om at dei den første tida avekste med tust (jfr. Spl. 52, spm. 60) og så let banda gå gjennom treskjemaskinen?
2. Korleis såg desse maskinane ut (slag- eller piggmaskin)? Dersom det var slagmaskinar, når kom då den første piggmaskinen?
3. Var dei første treskjemaskinane innførde eller vart dei laga i bygda?
4. Dersom dei var innførde, kvar kom dei frå, og kven hadde laga dei?
5. Dersom dei vart laga i bygda, kven var det då som gjorde det, og kor hadde han lært det?
6. Vart desse maskinane drivne med handkraft, og kor mange mann måtte det vera i eit arbeidslag om ein skulle arbeida rasjonelt utan å slita seg ut?
7. Er det kjent at dei nytta vasskraft til å driva desse eldste treskjemaskinane? Kven var den første i bygda som gjorde dette, når gjorde han det og kvar hadde han lært det? Vart det vanleg i bygda og i tilfelle når?
8. Er det kjent at dei nytta vinden til å driva treskjemaskinen? Kven var den første i bygda som gjorde dette, når gjorde han det og kvar hadde han lært det? Vart det vanleg i bygda og i tilfelle når?
9. Korleis fekk dei i dei tilfelle som er nemnde i spm. 7 og 8 ført krafta over på treskjemaskinen (snor eller stong)?
10. Har hestevandringar vore vanlege i bygda? Når kom dei første og korleis såg desse maskinane ut?
11. Har det vore nytta damptreskjeverk i bygda? Når kom dei første i bruk?

12. Har det vore vanleg å driva treskjeverket med petroleums- eller bensinmotor, og når tok dei til med det?
13. Når vart det vanleg å driva treskjeverket med elektrisk motor, og kven var dei første som gjorde dette?
14. Vart dei eldste slag- eller piggmaskinane berre brukt på det einskilde bruket eller den einbølte garden, eller
15. vart dei nytta av heile den mangbølte garden, eller
16. var det ein eller fleire einskildmenn som åtte dei og som drog kring i bygda med dei og treskja for folk?
17. Dersom det siste var tilfelle, kor vidt drog dei då? Om det er mogeleg, ville vi gjerne få vita kva gardar dei drog til og ruta dei fylgde.
18. Kor stor var treskjeløna? Vi vil gjerne at lønsoppgåver skal vera tidfeste, på tiåret eller så.
19. Hadde vedkomande nok treskjararar med seg, eller måtte den som leigde treskjing skaffa seg folk sjølv? Leigde han då folk, eller fekk han hjelp frå grannane sine, og var det visse reglar for slik grannehjelp?
20. Dersom desse treskjemaskinane høyrde til heile den mangbølte garden eller til grenda, var det då nokon regel for bruken av maskinen, t. d. for kven som skulle ha han først, for vedlikehald og tilsyn, for grannehjelp o. l.?
21. Er det kjent at dei treskjemaskinane som vart drivne med vatn, vind eller hestevandring var sams for fleire gardar eller bruk, og korleis var då bruken ordna?
22. Har dei treskjemaskinane (-verka) som vart drivne med damp, petroleum eller bensin, vore stasjonære (gards- eller brukseigedom) eller har dei gått på omgang? Dersom dei gjekk på omgang, var krinsen då berre eigarane av verket, eller dreiv eigaren (-ane) leigetreskjing for større deler av bygda? Kor vidt fòr dei då? (Jfr. sp. 17)? Var det alle bruk som nytta dei, var det då nokon regel for kor stor gard eller kor mykje korn det måtte til før dei fekk leiga verket?
23. Var det elles visse reglar i samband med denne treskjinga, t. d. om kven som skulle skaffa arbeidsfolk, om kosten, fordelinga av arbeidet (var det visse jobbar som eigarane av verket helst tok sjølv), flytting av verket og hestehjelp i samband med det?

24. Korleis vart treskjinga ordna når det vart vanleg å driva treskjeverket med elektrisk motor? Fekk kvart bruk sitt verk, var det verk som var sams for den mangbølte garden eller grenda (korleis var bruken i så tilfelle ordna), eller leigde dei treskjing av karar som drog rundt i bygda med sitt treskjeverk?

25. Korleis er treskjinga ordna i bygda i dag?

II

26. Når kom dei første reinskemaskinane til bygda? Kva gard eller gardar fekk dei første?

27. Korleis såg desse første reinskemaskinane ut?

28. Var dei innførde, eller var dei laga i bygda?

29. Dersom dei var innførde, kvar kom dei frå og kven hadde laga dei?

30. Dersom dei vart laga i bygda, kven hadde då gjort det, og kvar hadde han lært kunsta?

31. Vart desse første reinskemaskinane drivne med handkraft, og kor stort måtte arbeidslaget vera om ein skulle arbeida rasjonelt utan å slita seg ut?

32. Desse første reinskemaskinane, var dei eigedom til det einskilde bruket eller den einbølte garden, til den mangbølte garden, til ei grend, eller var det ein eller fleire einskilde menn som åtte dei og drog i kring med dei?

33. Dersom det var ein mangbølt gard eller grend som åtte dei, var dei då stasjonære slik at eigarane kom med kornet sitt og fekk det reinska, eller gjekk dei på omgang mellom eigarane?

34. Korleis var bruken ordna i begge tilfelle, og korleis ordna dei seg med arbeidshjelp, vedlikehald og tilsyn?

35. Dersom det var ein eller fleire einskildmenn som åtte dei og drog i kring med dei, kor vidt drog då desse, kor stor var leiga, fekk dei kosten, kven skulle syta for arbeidshjelp og kven skulle flytta maskinen til neste gard?

36. Har det vore reinskemaskinar som har vore drivne med vasskraft, vind, hestevandring, damp, petroleums-, bensin- eller elektrisk motor?

37. Korleis var det då med dei tilhøve som er nemnt i spm. 32-35?

38. Når kom dei første sjølvreinskande treskjeverka til bygda, og når vart dei vanlege der?

39. Kunne desse første reinskemaskinane skilja frå ugrasfrø o. l.? Når kom i tilfelle dei første maskinane som kunne det? Korleis var eigedoms- og brukstilhøva ved desse?

III

40. Er eller har det vore vanleg å hakka halmen som skal fôrast opp? Når tok dei i tilfelle til med det? Kva kalla dei det (hakka, skjera)?

41. Korleis var den første reiskapen dei nytta til å hakka halm med, og kva heitte den (skjerkista)?

42. Når kom det i bruk hakkemaskinar med mating og kniven fest til eit hjul?

43. Var dei første hakkemaskinane berre for handkraft, og når tok dei i tilfelle til å driva dei mekanisk?

44. Når vart det vanleg at dei hakka opp halmen samstundes med at dei treskte?

45. Kva kalla dei den hakka halmen (hakkelse, hakk), og kvar vart den lagt (hakkromet)?